

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 23.10.18:

Ordføraren orienterte om følgjande:

- Årets hyttemøte, 18 besøkande, informasjon er tilgjengeleg på kommunens heimesider under fana «hyttegoling»
- Revidering av Kommuneplan, planprogrammet kjem mest sannsynleg opp til behandling før jul. Det er og tankar om å ha ei parallell prinsippsak knytt til kommuneplanen før jul. Det er eit ynskje og mål om å bli ferdige med revideringa ila 2020
- Biltema, det er gjeve igangsettingsløyve på grunnarbeid, betong og VA og ein reknar med at det vil reise seg eit bygg før jul
- Den nye trafikkstasjon langs RV 7 er tenkt opna i februar 2019
- Fyrstegongshandsaming og vedtak i sak om Sentrumskvartalet, førre møterunde, planen ligg no til høyring. Bygg i framkant av leiligheitsbygget som har reist seg er sett til å vera 12 og 15 meter
- Skagahøgdi, eit bygg har reist seg på kanten av toppen med 8 leilegheiter, vidare framdrift er at dei har løyve til å setje opp totalt 16 leilegheiter og dei har fått igangsettingsløyve på 7 hytter medan 1 hytte har fått ferdigattest
- Møte mellom kommuna og Statens Vegvesen om motsegn

Maaike Visser fortalde om seg sjølv og sin verksemd; Lydfargemetoden.

Anna som kom opp:

- Juleplaner i Visit Gol
- Informasjon frå Stein Ove Helberg i ECO Energi
- Generell runde med kva som skjer får dei frammøtte

Neste møte (27 nov) avlysast og siste møte i dette året blir 11 desember på Solstad, sjå Facebook.

Heidi Granli